Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskapet**
Møtestad: Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato: 20.09.2018
Tidspunkt: 08:30 – 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordførar	AP/KRF
Runa Vee Tveit	Medlem	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Kristine Sandall	MEDL	SP/H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Knut Oddvar Nes	Kristine Sandall	SP/H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Sveinung Seljås	Plansjef (sakene 99/18, 100/18 og 102/18 – 107/18)
Anne Espelid	Einingsleiar kultur (sak 100/18)
Tove S. Homme	Einingsleiar Helse og hab. (sak 100/18)
Even Holskar	Konst. einingsleiar skule (sak 100/18)
Gro Midtsund	Einingsleiar barnehage (sak 100/18)
Kristin K. Vaa	Einingsleiar teknisk drift (sak 100/18)
Øyvind Brattekleiv	Avdelingsingeniøb bygg (sak 100/18)
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi (sakene 100/18 og 108/18)

Frå saksnr.: 99/18
Til saksnr.: 113/18

Halvor Homme
ordførar

Saker til behandling

PS 99/18 N - Reguleringsplan Treungen nord - revisjon - avklaring av planprosess

Rådmannen si tilråding:

Til arbeidet med revisjonen av reguleringsplanen *Treungen nord* blir det sett ned ei arbeidsgruppe samansett slik:

- To representantar for næringsdrivande i planområdet.
- Ein representant for fastbuande i planområdet.
- To politikarar frå kommunestyret.

Ein av politikarane blir vald til leiar av gruppa. Formannskapet gjer personvala/leiarvalet i møtet. Blir ikkje alt avklara, får ordføraren fullmakt til å fullteikne gruppa.
Rådmannen stiller med sekretær for arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa må legge fram utkast til ny detaljerguleringsplan *Treungen nord* innan 01.04.19.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Framlegg frå ordførar om samansetting av arbeidsgruppa:

Halvor Homme (leiar) og Ian Perry-Jones deltek i arbeidsgruppa representert frå kommunestyret. Ordførar få fullmakt til å sette saman resten av gruppa.

Votering: Samrøystes for rådmannen si tilråding med ordføraren sitt framlegg om samanseting av arbeidsgruppa.

Vedtak

Til arbeidet med revisjonen av reguleringsplanen *Treungen nord* blir det sett ned ei arbeidsgruppe samansett slik:

- To representantar for næringsdrivande i planområdet.
- Ein representant for fastbuande i planområdet.
- To politikarar frå kommunestyret.

Ein av politikarane blir vald til leiar av gruppa. Formannskapet gjer personvala/leiarvalet i møtet. Blir ikkje alt avklara, får ordføraren fullmakt til å fullteikne gruppa.
Rådmannen stiller med sekretær for arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa må legge fram utkast til ny detaljerguleringsplan *Treungen nord* innan 01.04.19.

Halvor Homme (leiar) og Ian Perry-Jones deltek i arbeidsgruppa representert frå kommunestyret. Ordførar få fullmakt til å sette saman resten av gruppa.

PS 100/18 N - Reguleringsplan Framnes Øvre - revisjon - avklaring av planprosess

Rådmannen si tilråding:

Rådmannens fagavdelingar (teknisk og plan) utarbeider forslag til revidert reguleringsplan *Framnes øvre.*
Planforslaget blir lagt fram til fyrstegongsbehandling i formannskapet innan 01.06.19.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Rådmannens fagavdelingar (teknisk og plan) utarbeider forslag til revidert reguleringsplan *Framnes øvre.*
Planforslaget blir lagt fram til fyrstegongsbehandling i formannskapet innan 01.06.19.

PS 101/18 2. tertial 2018

Rådmannen si tilråding:

1. Rapport for 2. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Rådmannen gjorde greie for følgjande endringar:

Drift

- Utbytte VTK 350 000 over budsjett
- Kostnader til 110-sentralen (jf. k-sak 58/18) kr. 46 000. Dette aukar ramma til eining for teknisk drift tilsvarande.
- Bruk av fond (felles buffer) vert redusert med kr. 304 000

Investering

- Asfaltering av Kleivvegen: Ramma for prosjektet vert auka med kr. 335 000 (ekskl. moms). Bruk av lån vert auka tilsvarande.

Votering: Framlagte endringar vart innarbeidd i tilrådinga og samrøystes vedteke.

Omforeinga endringsframlegg til handlingsdelen:
Landbrukskontoret skal halde fram med å arbeide intensivt for å redusere flugeplagene i Haugsjåsund.

Votering: samrøystes for endringsframlegget

Innstilling til kommunestyret

1. Rapport for 2. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.

Drift

- Utbytte VTK 350 000 over budsjett
- Kostnader til 110-sentralen (jf. k-sak 58/18) kr. 46 000. Dette aukar ramma til eining for teknisk drift tilsvarande.
- Bruk av fond (felles buffer) vert redusert med kr. 304 000

Investering

- Asfaltering av Kleivvegen: Ramma for prosjektet vert auka med kr. 335 000 (ekskl. moms). Bruk av lån vert auka tilsvarande.

Handlingsdelen
Landbrukskontoret skal halde fram med å arbeide intensivt for å redusere flugeplagene i Haugsjåsund.

PS 102/18 N - 1/2 - Støylane - Oppføring av støylsbu/fritidsbustad - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gjev i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for oppføring av nytt bygg til kombinasjonsføremålet støylsbu/utleigehytte på støylsområdet tilhøyrande g/bnr 1/2, ved Støylane, Nordbygdheia, plassert slik det er søkt om og på desse vilkåra:

- Maksimalt bruksareal hytte (T-BRA) 60 m²,
- Maksimal mønehøgde 5,00 meter.
- Saltak med ein vinkel mellom 22 - 30 grader.
- Taktekking skal vere tilpassa tradisjonell byggjeskikk.
- Fasadekledning bør vere i tre, ein skal som hovudregel nytte tømmervegg. Fasaden kan ein blende med naturstein.
- Ein bør nytte naturfargar utvendig på hyttene.
- Bygget blir elles å utforme slik at dei mest mogeleg går i eitt med omgjevnadene.

Bygget blir ført i matrikkelen med eige bygningsnummer og byggkode 524 (utleigehytte). Dei andre bygga på staden blir også ført i matrikkelen med kode 249 (annan landbruksbygning) og kode 182 (uthus/bod).

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gjev i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for oppføring av nytt bygg til kombinasjonsføremålet støylsbu/utleigehytte på støylsområdet tilhøyrande g/bnr 1/2, ved Støylane, Nordbygdheia, plassert slik det er søkt om og på desse vilkåra:

- Maksimalt bruksareal hytte (T-BRA) 60 m²,
- Maksimal mønehøgde 5,00 meter.
- Saltak med ein vinkel mellom 22 - 30 grader.
- Taktekking skal vere tilpassa tradisjonell byggjeskikk.
- Fasadekledning bør vere i tre, ein skal som hovudregel nytte tømmervegg. Fasaden kan ein blende med naturstein.
- Ein bør nytte naturfargar utvendig på hyttene.
- Bygget blir elles å utforme slik at dei mest mogeleg går i eitt med omgjevnadene.

Bygget blir ført i matrikkelen med eige bygningsnummer og byggkode 524 (utleigehytte). Dei andre bygga på staden blir også ført i matrikkelen med kode 249 (annan landbruksbygning) og kode 182 (uthus/bod).

PS 103/18 N - 15/33 - 15/34 - 15/35 - Kyrkjebygdheia - Vegbygging - reguleringsplankrav - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl § 19-2 dispensasjon for bygging av bilveg fram til eksisterande hytter på g/bnr 15/33, 15/34 og 15/35, slik det er søkt om.

Vegbygginga er søknadspliktig som byggesak etter pbl § 20-3. Byggesøknaden vil bli behandla straks det er gitt dispensasjon frå reguleringsplankravet.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilrding

Vedtak

Formannskapet gir i medhald av pbl § 19-2 dispensasjon for bygging av bilveg fram til eksisterande hytter på g/bnr 15/33, 15/34 og 15/35, slik det er søkt om.

Vegbygginga er søknadspliktig som byggesak etter pbl § 20-3. Byggesøknaden vil bli behandla straks det er gitt dispensasjon frå reguleringsplankravet.

PS 104/18 N - 19/38 - Nesheivegen 542 - Tilbygg til fritidsbustad - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn om maks BRA 115 m2 på tomta for eit tilbygg til fritidsbustaden på g/bnr 19/38, slik det er søkt om.
Søkar blir bedt om å legge fram dokumentasjon på at fritidsbustaden ikkje har innlagt vatn, jf. definisjonen av dette i saksframstillinga over.
Formannskapet legg til grunn for dispensasjonen at det blir tatt initiativ til ein gjennomgang av føresegnene for utbyggingsplanen *Vehustjønna,* med sikte på eventuelle endringar.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votring: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn om maks BRA 115 m2 på tomta for eit tilbygg til fritidsbustaden på g/bnr 19/38, slik det er søkt om.
Søkar blir bedt om å legge fram dokumentasjon på at fritidsbustaden ikkje har innlagt vatn, jf. definisjonen av dette i saksframstillinga over.
Formannskapet legg til grunn for dispensasjonen at det blir tatt initiativ til ein gjennomgang av føresegnene for utbyggingsplanen *Vehustjønna,* med sikte på eventuelle endringar.

PS 105/18 N - 21/5 - Reguleringsplan Sandvik - Mindre planendringar - godkjenning

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §12-14 som mindre planendring, endringar i reguleringsplanen *Sandvik* på desse punkta:

Plankartet:
Planområda for næring, BC1 og BC2, blir omgjort til byggeområde for frittliggande fritidsbustader, BFF8 og BFF9.

Planføresegnene:
Planføresegn 3.1 16) 1.setning blir endra til denne ordlyden:
Tomtene 10, 14-15, 19-26 og 44-45 kan deles. Etter deling kan hver tomt ha inntil to bygg med et samla maks BRA 110 m2.
Planføresegn 3.1 16) får ny 2.setning med denne ordlyden:
Før deling av tomt 14, 15 eller 19, skal vegtilkomst og tomteopparbeiding være prosjektert av uavhengig foretak og godkjent av kommunen.
Planføresegnene i punkt 3.3 blir tatt ut eller redigert inn i punkt 3.1 i samsvar med intensjonen i søknaden, m.a. slik at byggeområda BFF8 og BFF9 får avgrensingane maksimalt to bygg pr tomt, ein fritidsbustad og ei bod/anneks/garasje, maksimalt 90 m2 BRA pr tomt og maksimal gesims- og mønehøgde på høvesvis 3,5 m og 5,5 m. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei nødvendige redigeringane.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: Samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §12-14 som mindre planendring, endringar i reguleringsplanen *Sandvik* på desse punkta:

Plankartet:
Planområda for næring, BC1 og BC2, blir omgjort til byggeområde for frittliggande fritidsbustader, BFF8 og BFF9.

Planføresegnene:
Planføresegn 3.1 16) 1.setning blir endra til denne ordlyden:
Tomtene 10, 14-15, 19-26 og 44-45 kan deles. Etter deling kan hver tomt ha inntil to bygg med et samla maks BRA 110 m2.
Planføresegn 3.1 16) får ny 2.setning med denne ordlyden:
Før deling av tomt 14, 15 eller 19, skal vegtilkomst og tomteopparbeiding være prosjektert av uavhengig foretak og godkjent av kommunen.
Planføresegnene i punkt 3.3 blir tatt ut eller redigert inn i punkt 3.1 i samsvar med intensjonen i søknaden, m.a. slik at byggeområda BFF8 og BFF9 får avgrensingane maksimalt to bygg pr tomt, ein fritidsbustad og ei bod/anneks/garasje, maksimalt 90 m2 BRA pr tomt og maksimal gesims- og mønehøgde på høvesvis 3,5 m og 5,5 m. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei nødvendige redigeringane.

PS 106/18 N - 29/2 - Fjalestadneset - Søknad om flytebrygge - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gjev i medhald av pbl § 19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF-sona og i 50-meters beltet langs Nisser for etablering av flytebrygge på gnr 29 bnr 2, samt arbeid på land og i vatn i samband med dette, slik det er søkt om.
Det blir sett desse vilkåra for dispensasjonen;

- maksimalt til 10 båtplassar.
- bruk av bestandige materialar.
- ikkje signalfargar.

Byggesøknaden for etableringa av flytebrygga etter pbl §20-4 må oppfylle dispensasjons-vilkåra.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gjev i medhald av pbl § 19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF-sona og i 50-meters beltet langs Nisser for etablering av flytebrygge på gnr 29 bnr 2, samt arbeid på land og i vatn i samband med dette, slik det er søkt om.
Det blir sett desse vilkåra for dispensasjonen;

- maksimalt til 10 båtplassar.
- bruk av bestandige materialar.
- ikkje signalfargar.

Byggesøknaden for etableringa av flytebrygga etter pbl §20-4 må oppfylle dispensasjons-vilkåra.

PS 107/18 N - 41/16 - Bråvatn - Søknad om oppføring av bygg for overnatting - dispensasjon - avslag - klage

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek klaga til fylgje. Formannskapet gir difor også dispensasjon frå byggeforbodet i 50 meterssona frå vatn, for oppføring av hytte (bygg for overnatting) ca. 25 m2 BYA. Bygget skal plasserast over punktet med koordinatar 5853405-0844554.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet tek klaga til fylgje. Formannskapet gir difor også dispensasjon frå byggeforbodet i 50 meterssona frå vatn, for oppføring av hytte (bygg for overnatting) ca. 25 m2 BYA. Bygget skal plasserast over punktet med koordinatar 5853405-0844554.

PS 108/18 Revidering av økonomireglementet

Rådmannen si tilråding:

Framlegg til økonomireglement vert vedteke slik det ligg føre.

Disponible midlar på einingsfond (kr 1.331.000) vert overført "Felles buffer".
Eventuelle "restsummar" på einingsfond ved årsoppgjer for 2018 vert overført "Felles buffer".

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: Samrøysts for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Framlegg til økonomireglement vert vedteke slik det ligg føre.

Disponible midlar på einingsfond (kr 1.331.000) vert overført "Felles buffer".
Eventuelle "restsummar" på einingsfond ved årsoppgjer for 2018 vert overført "Felles buffer".

PS 109/18 Søknad om næringstilskot - Anita Perry

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune ser positivt på søknaden frå Anita Perry og løyver kr. 25.000,- i støtte.

Løyvinga vert utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Løyvinga vert tatt frå KMD-fondet.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune ser positivt på søknaden frå Anita Perry og løyver kr. 25.000,- i støtte.

Løyvinga vert utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Løyvinga vert tatt frå KMD-fondet.

PS 110/18 Søknad om motorferdsel i utmark - transport av materialer og utstyr til vedlikehald av hytte

Rådmannen si tilråding:

Fred Ove Tellefsen, Signe Eikhom, Gunhild Eikhom og Knut Oddvar Nes får løyv til å bruke ATV til å frakte materialar og utsyr frå Dalane og inn til Sultenborg.
Løyve gjeld fram til desember 2021.
Vilkår sette i medhald av §7 i forskrift om motorferdsel i utmark.

- Det skal berre nyttast eit køyretøy og køyringa skal følgje eksisterande traktorveg / slepe fram til koia.
- Det skal leggast klopp i slepa der det er myr og fare for køyreskader.
- Køyringa skal skje på den måten som er mest mogleg skånsamt for terrenget og miljøet. Køyring utanfor godkjent trase er forbode.
- Grunneigar må gje løyve til all køyring og kan sette vilkår for køyringa.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag §§ 6 og 7

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Knut Oddav Nes ba om å få vurdert sin habilitet. Han vart samrøystet funne ugld i å vere med på å handsame saka.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Fred Ove Tellefsen, Signe Eikhom, Gunhild Eikhom og Knut Oddvar Nes får løyv til å bruke ATV til å frakte materialar og utsyr frå Dalane og inn til Sultenborg.
Løyve gjeld fram til desember 2021.
Vilkår sette i medhald av §7 i forskrift om motorferdsel i utmark.

- Det skal berre nyttast eit køyretøy og køyringa skal følgje eksisterande traktorveg / slepe fram til koia.
- Det skal leggast klopp i slepa der det er myr og fare for køyreskader.
- Køyringa skal skje på den måten som er mest mogleg skånsamt for terrenget og miljøet. Køyring utanfor godkjent trase er forbode.
- Grunneigar må gje løyve til all køyring og kan sette vilkår for køyringa.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag §§ 6 og 7

PS 111/18 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

PS 112/18 Felles strategisk reiselivsplan for Vest-Telemark

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune stør arbeidet med å utarbeide av ei strategiplan/ masterplan for eit bærekraftig reiseliv i Vest -Telemark og løyver kr 10.000,- til forprosjektet.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond, konto 14703-1410-3250.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune stør arbeidet med å utarbeide av ei strategiplan/ masterplan for eit bærekraftig reiseliv i Vest -Telemark og løyver kr 10.000,- til forprosjektet.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond, konto 14703-1410-3250.

PS 113/18 Kjøp av næringstomt - Sundsmoen

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune gjev rådmannen fullmakt til å inngå ei kjøpsavtale av 4 da av tomt 35/49 for kr. 150.000,- (i samsvar med skravert område på vedlagt kart) på fylgjande vilkår:

- Tomta vert målt opp og skilt ut i samarbeid med Nottov, Asbjørn og Tor Gunnar Homme (heretter kalla "seljar").
- Det må avklarast om påståande skog tilfell seljar eller kjøpar. Dersom den tilfell seljar må det settast ein dato for når tomta skal vere rydda for skog.
- Tomta må vere utan heftingar og kjøpast på vanlege vilkår.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.09.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommune gjev rådmannen fullmakt til å inngå ei kjøpsavtale av 4 da av tomt 35/49 for kr. 150.000,- (i samsvar med skravert område på vedlagt kart) på fylgjande vilkår:

- Tomta vert målt opp og skilt ut i samarbeid med Nottov, Asbjørn og Tor Gunnar Homme (heretter kalla "seljar").

- Det må avklarast om påståande skog tilfell seljar eller kjøpar. Dersom den tilfell seljar må det settast ein dato for når tomta skal vere rydda for skog.
- Tomta må vere utan heftingar og kjøpast på vanlege vilkår.